

Sak 6. Årsmelding

Årsmelding frå styret i Volda Golfklubb for perioden 1.1 til 31.12.2013.

Styret

- | | |
|---------------|-------------------------|
| ▪ Leiar | Harald Indresøvde |
| ▪ Nestleiar | Svein Aasen |
| ▪ Kasserar | Peder Barstad |
| ▪ Sekretær | Tore Knivsflå Bjørkedal |
| ▪ Styremedlem | Per Kristian Langlo |
| ▪ Styremedlem | Rune Humberst |
| ▪ Varamedlem | Are Myklebust |

Styret har hatt 6 møte i 2013.

Nemnder/ansvarlege

- | | |
|----------------------------|---|
| ▪ Banesjef | Sjur Hamar |
| ▪ Husnemnd: | Rune Humberst, Are Myklebust og Bernt Humberst |
| ▪ Turneringsnemnd: | Jostein Digernes, leiar, Svein Aasen, Webjørn Bergmann, Johan Liadal, Jan Egil Gretland |
| ▪ Sponsornemnd: | Per Kr. Langlo, Rune Hitland, Jostein Digernes, Arnfinn Strande |
| ▪ Klubbkontakt Seniorgolf: | Harald Indresøvde |
| ▪ Driving Range | Amund Bergmann |
| ▪ Webansvarleg | Olav Trandal |

Generelt

2013 har vore eit bra år for Volda Golfklubb med bra aktivitet og godt økonomisk resultat.

Nokre hovedtrekk frå golfåret 2013:

- ✦ Overskot på kr 61 874, etter underskot på om lag same beløp i 2012
 - ✦ 23 stk har tatt kurset "Vegen til golf" og talet på fullt betalende har auka med 21 stk.
 - ✦ God auke i inntektene frå greenfee, pollettsal og turneringar, + 22%, etter nedgang året før.
 - ✦ Innkjøp av ny røffklippar har letta slåinga av bana vesentleg
- ÷ Nedgang i sponsorinntektene på ca kr 17000, 10%
- ÷ Greenane har hatt store frostskeidar

Status medlemmar pr 31.12.2013.

År	2009	2010	2011	2012	2013
Fullt bet. m	79	86	91	101	122
Prøvem.	13	14	20	21	8
Prøvem.spon		26	20	11	0
Student	2	3	9	11	8
Knøtte/junior		9	8	9	9
Fjernm.	97	110	105	99	81
Totalt	191	248	253	252	228

Sjølv om det totale medlemstalet har gått ned, ser styret utviklinga som positiv. Det er nedgang i talet på prøvemedlemmar og fjernmedlemmar som reduserer totaltalet.

Klubbens økonomi er først og fremst avhengig av talet på fullt betalende medlemmar. Det er desse som betaler høgste kontingenten, står for turneringsinntektene og mesteparten av polletinntektene, stiller på dugnad m.m. Styret er difor tilfreds med at talet på fullt betalende medlemmer syner positiv utvikling også i 2013, auken er på heile 20%.

Det negative er at vi ikkje har klart å få i gang knøttegolven igjen og at medlemsmassa framleis er prega av for få unge og for få kvinner. Talet på kvinnelege medlemmar er auka til 17, men her bør potensialet framleis vere stort.

Den store utfordringa for klubben er utan tvil å halde fram med å auke medlemstalet..

Bana

Bana har i sesongen 2013 vore prega av at greenane fekk store frostskaider om vinteren. Det har vore lagt ned mykje arbeid for å utbetre dette og greenane har betra seg i løpet av sesongen, men det gjenstår ein god del før vi er på nivå med året før. Den øvrige delen av bana har vore i god stand.

Hol 9 har blitt forlenga slik at bana nå har to par 5 hol og samla par 35.

Når det gjeld prosjekt, har vi fått ferdigstilt skikkeleg vaskeplass for maskiner og det har blitt rydda mykje skog og kratt, særleg langs hola 4, 5 og 7.

Også denne sesongen hadde vi to mann frå NAV som tok seg av klippinga av røff og fairwayar.. Dei var plikttoppfyllande og gjorde ein svært god jobb.

Maskinparken

Vi har investert i ny røffklippar. Klipparen er frå 2008 og kjøpt frå USA. Den gamle er seld. Den nye klipparen kosta ca 280 000 med mva og frakt og er finansiert med banklån på kr 200 000 i tillegg til lån frå medlemmane. Styret takkar dei 17 medlemmane som stilte opp med lån.

Maskinar til fairway og på drivingrangen har vi to av, så der bør vi også ha maskiner nokre år til.

Klubbhuset

Klubbhuset fungerer greitt og det har skjedd mindre utbetringar også dette året. Ballautomaten er nå flytta slik at den er knytta til klubbhuset.

Turneringar

Turneringsnemnd 2013:

Jostein Digernes, leiar

Svein Aasen, sekretær

Johan Liadal

Jan Egil Gretland

Webjørn Bergmann

Nemnda sikra seg også i 2013 Toyota som sponsor til premiar på onsdagsturneringane. Også dei andre klubbturneringane var dei same og med same sponsorar som året før. NordVest touren (NVT), som er eit samarbeid mellom 9 klubbar på Sunnmøre og Nordfjord/Sunnfjord, gjekk som året før med 8 turneringar plassert utover sesongen slik at dei stort sett ikkje kolliderte med andre turneringar.

Utover onsdags turneringane har programmet i 2013 vore:

09.05 Felleskjøpet Vårspretten

26.05 Tess Open 2013

02.06 Nordea Pairs

30.06 Matchplay-cup 2013

24/25.08 Klubbmeisterskap

15.09 Ruukki Open

12.10 Avslutningsturnering

Deltakinga på turneringane i 2013 har vore svært bra. På NordVest- touren i Vassbotnen (Tess Open) var deltakinga rekordhøg med 59 spelande. Dette var også den turneringa som hadde flest deltakarar på touren. Deltakinga frå klubben vår i NVT var i snitt noko lavare enn i 2012.

Toyota Open hadde i år som i fjor 5 teljande runder. Det var svært jamn konkurranse i toppen og resultatata var ikkje klare før etter siste runde. Vinnar vart Ole Magnus Orlien med Svein Aasen på 2. plass, 1 poeng bak. 3. plassen vart delt mellom Jan Egil Gretland og Rune Strømmen, 3 poeng bak vinnaren.

Matchplay-cupen vann Dag Thore Hagen knepent framfor Johan Liadal etter ein spennande finale.

I Nordea pairs vann Peder Barstad/Helge Eltvik.

Årets klubbmeister vart Ole Magnus Orlien som i fjor med sterke +4 på 2 runder.

Seniorane var også i år med i lagserien der Sunnmøre sigra i vår gruppe. Volda vart nr 2.

Medlemsutvikling

Det har vore arbeidt mykje med rekruttering av medlemmer. Klubben har hatt "open dag" på bana to laurdagar, i mai og i august, og frammøtet har vore godt.

Vi har gjennomført to introduksjonskurs "Vegen Til Golf" med samla 23 deltakarar.

Vi har hatt fast formiddagsgolf kvar torsdag kl 11.

Det er ekstra gledeleg at vi har fått i gang ei damegruppa. Desse har hatt fast speletid tysdag ettermiddag.

Nytt av året var at vi har gitt medlemmane våre tilbod om spesialtrening i spel på den siste 100 meteren før greenen. Treningane blei leia av Ole Magnus Orlien med Lars Kåre Vikestrand som assistent.

Vi har heller ikkje i år makta å kome i gang med knøttegolf.

Prosamarbeidet med Donovan Goosen har fungert godt, Han har vitja klubben 5 dagar og i tillegg til individuell instruksjon har han hatt gruppeundervisning med deltakarane på "Vegen Til Golf", damegruppa og pensjonistgruppa.

Økonomi

a. Rekneskap for 2013

Rekneskapen syner overskot på kr 61 874 mot underskot på kr 65 891 i fjor. Overskotet kjem for ein stor del av ekstraordinære postar. Vi har fått kr 65 000 i gåver/prosjektmidlar og kr 35 000 i forsikringserstatning.. Dette er inntektstpostar som vi ikkje vil ha i 2014.

Kontingentinntektene inkludert kursinntekter syner ein liten auke.

Det er svært positivt at inntektene frå greenfee, driving range og turneringar alle har auka fint. Sponsorinntektene har gått ned med ca 10%, kr 17500.

Styret i klubben vil uttrykke ei stor takk til alle sponsorane våre som sterkt bidrar til at vi kan halde oppe eit godt golftilbod i

Kostnadene ligg om lag på same nivå som i 2012. Dette er vesentleg høgare (ca kr 90 000) enn budsjettet. Største avviket er på avskrivningar som ligg ca kr 26 000 høgare enn budsjettet. Dei ordinære driftskostnadene ligg såleis vel kr 60 000 over budsjett.

Det er positivt at klubbens bankgjeld løpet av 2013 har auke berre med ca kr 72 000 trass i opptak av nytt lån på kr 200 000. Klubben har i tillegg nedbetalt medlemslåna med kr 73600 og kassekreditten på kr 42 000.

Overskotet korrigert for nokre kjøp av nye andelar gjer at netto eigenkapital no er på kr 636 454, kr 82 381 under samla innbetalt andelskapital. Klubbens soliditet er såleis tilfredsstillande.

b. Budsjett 2014

Styret legg opp til eit nøkternt budsjett for 2014. Budsjettet er prega av at kostnadene må reduserast som følgje av forventta lavare inntekter enn i 2013. Dette gjeld særleg gåver og erstatningar, men også sponsorinntekter.

Avskrivningane er store slik at klubben vil ha likviditet til å betale avdraga sjølv om overskotet vert mindre.

Det er ikkje budsjettet med nye investeringar i 2014.

Vegen Vidare

Det har skjedd mykje positivt i Volda Golfklubb siste åra. For det første er ein vanskeleg økonomi snudd til ein tilfredsstillande situasjon. For det andre har vi stadig forbetra bana og kvaliteten er no god om vi ser bort frå frostskaadane på greenane i 2013.

Den store utfordringa er å halde fram med den auken i talet på medlemmar vi har sett siste par åra og alle klubbens tiltak må vere retta inn mot dette målet. Dette er heilt nødvendig for at vi skal kunne forsvare dei store investeringane vi har hatt. Styret vil i 2014 ha auka fokus på rekrutteringsarbeidet og legge stor vekt på å få flest mogleg av prøvemedlemene inn som fullt betalende medlemmar.

Klubben må no gå inn i ei periode utan investeringar og med redusert kostnadsnivå, jamfør budsjettforslaget for 2014.

Takk

Styret vil takke alle medlemene for oppslutning om klubben og særleg takk alle som stiller opp i det daglege og på dugnader slik at klubben kan halde hjula i gang og også presentere ei god golfbane for Volda- og Ørstaområdet.

Styret vil spesielt takke Sjur Hamar som har vore banesjef i to år. Han har høg kompetanse både på banedrift og maskinar og han har lagt ned ein stor innsats som klubben vil ha nytte av i fleire år framover.

Volda, 4. februar 2014

Harald Indresøvde, leiar

Svein Aasen, nestleiar

Peder Barstad, kasserar

Tore K Bjørkedal, sekretær

Per Kristian Langlo, styremedl.

Rune Humberstet, styremedl